



DEN NORSKE KYRKJA
Lavik Sokneråd

Møteprotokoll Lavik sokneråd

Dato: 15. oktober 2025

Stad: Lavik kyrkjekontor

Tilstades:

Toril Lange, Katrin Borlaug Ringereide, Torunn Styve, Maria Zimmermann Espeseth, Eldrun Nordal, Regine Borlaug Pettersen, Bjørn Harald Nybø og Inger Cecilie Fitje.

Ord til opning v/ Inger Cecilie.

Godkjenning av innkalling, sakliste og referat frå 20. august.

Meldingssaker:

13/25 Sidan sist

Gudsteneste 24. august: 50-årskonfirmant-gudsteneste. Kyrkjekaffi i Bispestova. Dette var ein fin variasjon, som gjerne kan verte ein tradisjon på seinsommaren.

Dåpsgudsteneste 7. september: 2 dåpsbarn, og mange tilstades. Korpsmusikantar frå eine dåpsfølget deltok med musikkinnslag.

Hausttakkefest 28. september: I år var det litt færre som deltok på hausttakkefesten enn førre år.

Myldresamling 10. september: 4 frammøtte med nokre småsøsken. Jesusforteljing, song med bevegelsar og avslutta med kvelds saman.

Maki-samling 19. september: 6 born kom, og var med på tacomåltid,, Jesusforteljing og leik ute og inne.

Bibelgjengen 24. september: Samling for 6-åringane med bibelforteljing om Josef. Dei leita etter bilete i benkeradene, og avslutta samlinga med kveldsmat saman.

Haustleir på Alværa: 9 born og ungdomsleiarar frå Lavik var med på leiren.

Trusopplæringsstillinga/Kyrkjekontoret i Høyanger: Trusopplæringsstillinga blir mogleg samarbeid mellom fleire kommunar.

Inger Cecilie orienterte om situasjonen på kyrkjekontoret i Høyanger.

Helgestunder nr. 3: Det vert berre 3 nummer i år, grunna stor aktivitet på andre område og redusert bemanning.

Julekonsert i kyrkja: Fjordbrass sin julekonsert er 14. desember.

14/25 Nytt frå Fellesrådet

Bjørn Harald orienterte om møtet som fann stad 4. september. Referat ligg tilgjengeleg på nett.

Vedtakssaker:

14/25 Aktivitetar hausten 2025

Mat og Prat onsdag 29. oktober: Fjorårets konfirmantar skal verte intervjuet av Geir Sørebo. Regine lagar plakat og tek ansvar for å deligere matlaging. Skal gjere som sist – utfordre andre enn berre dei i soknerådet til å bida med mat.

Salmekveld 4. desember: I år skal vi fokusere mindre på historiene om salmane, og heller legge til andre småforteljingar om jul.

Vi kjem til å markere at Lavik Kyrkje er 150 år denne dagen. Toril bestiller ei gluten- og laktosefri kake frå Lavik Kro. Olav kan fortelje litt om kyrkja.

Torunn og Eldrun tek ansvar for å «sy i hop» denne kvelden.

Torunn tek kontakt med Fjordbrass.

Fredagstaco på Alværa 24. oktober: Middag og ein ettermiddag saman. Vi tenker å ikkje lage til for mykje program, men heller ha felles måltid og felles avslutning. Taco 16.30. Vi tek 100,- pr. familie. Torunn tek ansvar for maten og deligerer oppgåver. Maria og Toril tek ansvar for samlinga. Torunn og Katrin høyrer med Aisha og Jørgen om dei kan vaske opp. Regine lagar kaffimat.

Vi må ha påmelding slik at vi veit kor mange som kjem.

Vi leiger kun matsalen.

Lysmesse 30. november: Det hadde vore fint å avslutte julegrantenninga til Skulemusikken med ein halvtime i kyrkja. Det er mogleg å forenkle sjølve lysmessa, og gjere den kortare. Vi har lyst å engasjere ungdom, og gje dei enkle oppgåver i kyrkja (som ikkje treng førebuing). Toril skal spør eks-konfirmantar om dei vil vere med.

Maria sjekkar med korpset (Eirin) korleis ein kan få til eit samarbeid mtp. klokkeslett. Då kan vi ha fakkeltog frå Helsesenteret til kyrkja etterpå.

Gudsteneste (minnedag/helgemesse) 26. oktober: Toril er klokkar og Torunn er kyrkjevert.

Familiegudsteneste Julaften: Maria skal ta ansvar for julespel med born i kyrkja. Elles går opplegget her litt av seg sjølv.

Vinteren/våren 2026:

«Lys vaken» 17.- 18. januar (Overnatting i kyrkja): Toril og Katrin lagar til eit enkelt opplegg/gudsteneste i kyrkja den 18. januar. Frå 5.klasse og oppover.

Gudsteneste 15. februar: 11.00.

Gudsteneste 8.mars: Denne dagen er det Maria-helg på Alværa.

Årsfest: 25. mars?

Påska: Første påskedag er 5.april. Vi snakkar litt om vi skal halde fram med påske-måltidet, eller om vi skal finne på noko anna.

Vi skal snakke vidare om dette på neste møte.

Konfirmasjonsgudsteneste: 14. mai 2026.

Anna:

- Toril skal sjekke ut om det er mogleg å få tak i kapper som er litt mindre i størrelse og kan brukast til meir enn berre store eller små konfirmantar.

Neste møte blir: 26. november 17.00.

Skrivar

Lavik Sokneråd

Regine Borlaug Pettersen